



MUSIKALSK LEIAR: Arild B. Nielsen var både dirigent og solist.



ITALIA: Nina Pedersen bur og arbeider til vortleg i Italia.



GJESTESOLISTAR: Pierpaolo Principato og Davide di Pasquale frå Italia.

■ Feira tretti år med italienske gjestesolistar og Jens Wendelboe på scena

Storband i storform

Det var god stemning då Hardanger Big Band feira trettiårsjubileum i Jonsvoll ungdomshus søndag kveld.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL
sondre@hardanger-folkeblad.no

JONDAL:Neverluren fylte rommet då musikalsk leiar og grunnleggjar Arild B. Jensen sjølv sette i gang opningsnummeret i Jonsvoll ungdomshus laurdag.

I 2017 er det tretti år sidan Jensen sette i gang Hardanger Big Band i Jondal. Dei siste dagane har dei feira med turne som vart avslutta i heimbygda.

Skyfall, Erobreren og fleire nykomponerte songar signert gjestesolist Nina Pedersen og arrangert eksklusivt for Hardanger Big Band av Jens Wendelboe, var noko av det storbandet baud publikum på.

- Svever av garde

Styremedlem og Saksophonist Angunn Handegard Trå fortel at bandet er godt nøgd med jubileumsturneen og avslutningskonserten i Jondal.

- Vi må seie oss aldeles overmåte nøgd. No svever vi litt av garde. Det var fulle hus på alle konsertane og folk var strålande nøgde. No er det full fart vidare, neste skritt er julekonsertar i Jondal og Strandebarm.

Med seg hadde Hardanger Big Band tre gjester med tilhaldsstad i Italia, og Jens Wendelboe. Handegard Trå er klar på kva ho tenker om samarbeid



TENORSAKSOFFON: Ingvill Morlandstø, har spelt mykje med storbandet sidan 1990-talet. Søndag hadde ho fleire soloar.

det.

- Det har vore fantastisk å jobbe med dei. Nina skriv nydelig fin musikk. Pierpaolo Principato er ein pianist i verdensklasse og Davide di Pasquale sitt trombonespel kan vi berre drøyme om. Jens Wendelboe er jo og verdensklasse.

Frå Vadsø til Jondal

Då Hardanger Big Band tok kontakt med Wendelboe, som vanlegvis held til i New York, og spurde om han var i Noreg og ønskte å vere med på konserten og høyre premieren på arrangementa sine, fekk dei beskjed om at han var i Noreg,

men i Vadsø. Likevel møtte han opp etter ei strabasjøs reise.

- Eg tok Hurtigruta frå Vadsø til Kirkenes klokka sju i dag tidleg. Derifrå var det flybuss til flyplassen og fly vidare til først Oslo og så Bergen. I Bergen vart eg hentat og så kom vi hit med ferja, sa Wendelboe frå scena.

8000

Ordførar i Jondal, Jon Larsgard var og til stades på konserten. Han hadde med seg ei gåve på 8000 kroner frå kommunen til storbandet.

- Som takk for all glede de har gitt oss og alle arrangement de har stilt opp på, sa han.



GÅVMILD: Ordførar Jon Larsgard hadde med seg ei gåve på 8000 kroner til storbandet.



KONFERANSIER: Fost vokalist Kristine Drake var for anledninga konferansier.



EROBREREN: Jens Wendelboe improviserte ein intro til sin eigen song, Erobreren.